

## Referat fra FAU 25. september 2024

**Til stede:** Agata Klawikowska, Hanne Ruud Mjølshes, Katrine Kindingstad, Lars Martin Hetland, Øystein Bergøy, Christian Eikeland, Gøril Ekeland, Jan Tore Handeland, Ingrid Eiane Setvik

**Sak 1:** Gjennomgang av referat frå førre møte

### **Sak 2: Arbeid med sosiale medier og digital kvardag**

Gøril har vore i kontakt med foreldrealliansen som har sendt oss ein del materiell. Me tar utgangspunkt i ein digitaliseringsretteljar frå Ekeberg skule og ein brosjyre om barn og sosiale medier utarbeida på Våland skule. Me har fått tillating til å nytta materiellet dersom me ynskjer å lage tilsvarande på vår skule. Det er viktig for FAU at dette vert eit samarbeid som både skule, heim og FAU stiller seg bak og vil arbeida saman om.

Kva vil FAU:

- FAU ynskjer å jobbe vidare med eit prosjekt om ei felles plattform knytt til sosiale medier og digital kvardag hos elevane våre
- FAU ynskjer å utarbeida ei skriftleg retteliar opp mot aldersgrenser, ulike app`ar og tilrådingar frå fagmiljøer
- FAU ynskjer å ta opp dette temaet på dei klassevise foreldremøta om eit halvår, og ha ein presentasjon og ein workshop i samarbeid med lærarar og foreldrekontakter
- Me ynskjer at dette prosjektet er noko heile skulen og heile foreldregruppa kan vera med å utarbeide og stille seg bak

Neste steg:

FAU legg fram sak til neste SU, sjå saksframlegg under referatet. Gøril jobber vidare saka etter møtet i SU.

Alle representantane i FAU tar med to forslag til oppgåver/case/spørsmål som kan brukast på workshop på foreldremøte om sosiale medier, aldersgrenser, skjermtid etc.

### **Sak 3: Skuleveg**

FAU ser framleis at det er farlege situasjonar på elevane sin skuleveg. Ein ser at området rundt bussane om morgonen framleis er uttrygt sjølv om det er bussvakt og sjølv om det er oppmoda om at foreldre ikkje køyrer og slepp av elevar rundt skulen. Så lenge vegen ned mot sjukeheimen er stengd, blir det og mykje trafikk, snuing og dårleg køyring på

vegen nedanfor langs skulen. Det er og manglande fotgjengarfelt mellom fleirbrukshallen og skuleområdet. FAU vil ta opp saka i SU med følgande spørsmål og oppmodingar

- Kan skulen senda nye oppmoding til foreldre om å ikkje køyra barna til skulen, og ta omsyn til hjartesone
- FAU ynskjer svar på i kva tidsrom bussvaktene står, og kva som er deira oppgåver?
- Kva kan skulen gjera for å framskynde på opning av vegen ned mot sjukeheimen?

#### **Sak 4: Andre saker til SU**

- Mobbetal og status
- Spørsmål om Meldorf, og kva type tur det vert definert som, og kor mange av dei som har ynskja å reise, har fått reise?
- Status om FAU-referater på hjemmesidene

#### **Sak 5: Gratisprinsippet, rettleiing frå KFU**

Det er kome forslag til retningslinjer for gratisprinsippet, gåver, dugnad og skuleturar. Me les litt meir på dette og tar det opp att på neste møte, om det er noko FAU ynskjer å stille seg bak og informere ut på skulen om.

#### **Sak 6: Sakliste til neste møte i FAU:**

- Gå gjennom referat fra SU-møte
- Gratisprinsippet
- Workshop-plan
- Nasjonale prøver
- Dato for foreldremøte

#### **Sak 7: Neste møte i FAU**

13. november kl 19

## **SAKER OG SPØRSMÅL TIL SU 1.10.2024 FRÅ FAU**

### **Sak til SU: Arbeid med sosiale medier og digital kvardag**

#### *Frå FAU*

FAU ynskjer å jobbe med ei tilråding til foreldre knytt til sosiale medier for barn, kva som er gode retningslinjer, kva som er faglege råd knytt til barns digitale kvardag, med til dømes aldersgrenser, skjermtider, app`ar og chat-funksjonar. Me ynskjer at det kan vera ei felles tilråding frå FAU og skulen. FAU har vore i kontakt med foreldrealliansen som har sendt oss ein del materiell, mellom anna ein digitaliseringsrettleggjar frå Ekeberg skule og ein brosjyre om barn og sosiale medier utarbeida på Våland skule. FAU ser på det som viktig at dette vert eit samarbeid som både skule, heim og FAU kan stille seg bak og vil arbeida saman om. FAU ser føre seg eit prosjekt om ei felles plattform med tilrådingar knytt til sosiale medier, og at det vert eit tema/workshop på dei neste klassevise foreldremøte, i eit samarbeid mellom lærarar, FAU-representantar og klassekontaktar. FAU ynskjer å utarbeide forslag til eit opplegg som ein kan ha på foreldremøta.

#### Forslag til vedtak

Skulen ynskjer å stille seg bak eit prosjekt om arbeid med ein felles rettleggjar/tilråding/plattform knytt til barn og sosiale medier

FAU arbeider vidare med sjølve innhaldet, og eit utkast til tilrådingar som ein kan ta opp på neste SU.

### **SAK til SU om skuleveg**

Framleis ser ein farlege situasjonar på elevane sin skuleveg. Området rundt bussane om morgonen er framleis uttrygt sjølv om det er bussvakt og sjølv om det er oppmoda om at foreldre ikkje køyrer og slepp av elevar rundt skulen. Så lenge vegen ned mot sjukeheimen er stengd, blir det og mykje trafikk, snuing og dårleg køyring på vegen nedanfor langs skulen.

#### Spørsmål og oppmodingar

- Kan skulen senda ny oppmoding til foreldre om å ikkje køyra barna til skulen, og ta omsyn til hjartesone
- FAU ynskjer svar på i kva tidsrom bussvaktene står, og kva som er deira oppgåver? Kan ein gjera noko meir med denne rolla?
- Kva kan skulen gjera for å framskynde på opning av vegen ned mot sjukeheimen, med tanke på trygg skuleveg?

### **Spørsmål til SU frå FAU om mobbetal og status**

Etter elevundersøkinga i fjor, som viste høge mobbetal, har skulen jobbe og sett inn fleire tiltak mot mobbing. Kan ein seia noko om status i desse tiltaka, og om ein kan sjå noko effekt av tiltaka som er sett inn.

### **Spørsmål til SU frå FAU om Meldorf-turen**

Kva type tur dette vert definert som, og kor mange av dei som har ynskja å reise, har fått reise, tradisjonelt sett på Finnøy i eit klassekull?

### **Spørsmål til SU om referater frå FAU-møter**

Det har vore problem med nettsidene til skulen, slik at referat frå FAU ikkje har blitt lagt ut på skulen si nettside på lang tid.

- Kva er status på dette no?
- Kva kan ein gjera for å få til ei snarleg ordning på at referat frå FAU blir tilgjengeleg?